



Kjetil Dagestad satsar på ein kombinasjon av Wærner og kinesiske trykk i sommar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kjetil Dagestad i Kunst & Ramme i Uskedalen satsar på ein kombinasjon av 10 kinesiske trykk og 10 bilete av Per Didrik Wærner i sommarutstillingen sin. Den opnar 4. juli og heng ut august.

Wærner (født 1948) er ikkje kven som helst, etterkvart har han etablert seg som ein kjend kunstnar gjennom måleri, grafikk og design, Han var med og etablerte Tjøme kunst- og kultursenter og har arbeidd i NRK P2 og for kunstnarforbundet. No bevegar han seg på nye og utradisjonelle vegar med omsyn til materialvalg for kunsten sin og han har Georg Richter som sin favorittkunstnar.
- Noko av hovedpoenget er å skapa biletrom med fargar og bevegelse. Sterke kontrastar skal også ha harmoni, seier Wærner.

- Og då ligg utfordringa å finna balansen mellom noko som er estetisk dårleg og estetisk kjempefint. Eg må leita etter prikken i dagevis som skal halda heile biletet og ikkje velta det. Wærner er aldri bunde opp i fargar, men ser an kvart motiv. Han set ein farge på biletet og dedretter spør han det kva det vil ha vidare med omsyn til farge og form. Slik byggar han opp bileta sine med nye fargekombinasjonar og harmoniar og jobben blir å finna ein balanse og få alt til å stemme.

Uskedalen.no har spurt Kjetil Dagestad om kvifor han ikkje satsar sterkare på lokale kunstnarar og "kunstnarspirar".

- Det var og er framleis ambisjonen min og eg kan berre så sterkt eg kan oppmoda dei ein kan kalla hobbykunstnarar om å komma til meg med bileta sine. Eg vil meir enn gjerne vera ein "forløysar". Jau, det er det eg aller helst vil, seier Kjetil.

Men medan han ventar må han altså satsa på meir kjende kunstnarar.

Av Ola Matti Mathisen